



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 25.11.2009
Møtetid: 15:00 - 17.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Andre som var til stades på møtet:

Landbrukssjef Helene Dahl under sakene 47, 48 og 52 Leiar av teknisk eining og rådmannen under heile møtet.
--

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	
---------------------------------	--

	Naturutvalet vart gjort kjend med at det sidan helga har vore fare for utrasing på kommunal veg til Li. Kommunen har måtte sette restriksjonar på trafikken slik at vegen berre er open for privatbilar. Det er leigd inn geolog som er venta å gje rapport til kommunen innan komande helg.
--	--

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 01.12.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
046/09	09/650	Faste saker	
047/09	09/633	Landbruksplan for Os, Fusa og Samnanger	
048/09	09/572	Ridebane og parkeringsplass gnr 19, bnr 8	
049/09	09/583	Delingssak gnr 34, bnr 7 festetomt nr. 4	
050/09	09/555	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 48, bnr 35	
051/09	09/540	Delingssak gnr 30, bnr 10.	
052/09	09/214	Delingssak Gnr 32 bnr. 6	
053/09	09/340	Bygging av naust gnr 22/27	
054/09	09/434	Byggjesak båtgarasje gnr 3, bnr 61.	

Saknr. 046/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sture Tveit informerte om han hadde kontakta rådmannen og bedt om vedlegg til sak 54/09. Pga. misforståing vart det sendt ut feil vedlegg, men at han hadde fått forståing av at det etterspurde vedlegget vil verta delt ut i møtet.

Leiaren ba om at sak 52 vert handsama som andre sak sidan landbrukssjefen skal vidare på eit nytt møte.

Utvalet slutta seg samrøystes til dette.

Utvalet sitt kvarter:

Helga Nygård ba om informasjon om status for strandsoneplan.

Det vart opplyst frå administrasjonen at det vert arbeidd med underlagsmateriale for å henta inn konsulentteneste for dette arbeidet. Det vert rekna med at arbeidet får full innsats over nyttår.

Bjørn Sævild etterlyste status for oppmåling. Han har oppfatta at det er klage på tenesta og at det er etterslep.

Det vart stadfesta at det er etterslep på oppmåling. Det har vore kontakt med Fusa kommune med førespurnad om kjøp av tenester frå dei, noko som dei er interessert i men at dei i haust har hatt vakanse og derfor ikkje har kunne seld oss tenester. Samnanger har i tillegg prioritert delar av egne ressursar til å få kartlagt kommunale VA-anlegg. Det er lagt inn ekstra ressursar i budsjettframlegg 2010 til kjøp av oppmålingstenester.

Sture Tveit etterlyste

- status for sak om kommunale vegar.

Rådmannen informerte om at den vert fremja til handsaming i første møte i 2010. Leiar av utvalet informerte om at ho i diskusjon med administrasjonen hadde kome med innspel om at denne saka kunne vente m.a. til ein del større saker var avslutta.

- plan- og bygningslova og kurs i denne.

Plandelen av lova er gjennomgått i utvalet. Bygningsdelen er enda ikkje trådt i kraft. Det vil verta tilbydd opplæring i denne tidleg vår 2010 sannsynleg gitt internt i kommunen ved innleigd hjelp. Lova med kommentarar vil verta kjøpt inn når den ligg føre.

- Feiing og tilsyn. Han viste til innlegg han har hatt i Samningen med svar frå administrasjonen, samt info av rådmannen i sist kommunestyret. Han føreset ut frå svar at det vil verta gitt både feiing og tilsyn gjennom to separate besøk. til dei som ikkje har fått feiing i 2009

Rådmannen viste til at informasjonen i kommunestyret om feiing kvart 4.de år var knytt til at det er minstekravet i lova og at me i Samnanger også må vurderer om det skal vera hovudregelen og ikkje som i dag med feiing anna kvart år. Utgangspunktet for arbeidet vårt no er at det vil verta gjennomført både feiing og tilsyn hjå dei som ikkje har fått teneste i 2009.

NAT-046/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med endring om at sak 52 vart handsama som andre sak.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Saknr. 047/09**LANDBRUKSPLAN FOR OS, FUSA OG SAMNANGER****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til landbruksplan dagsett 03.03.2009 vert vedteken slik han ligg føre.

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

I møtet sette **Helga Nygård** fram framlegg om at det på side 11 under småkraft vert ført inn ei visning til kompetansesenteret for småkraftverk

Utvalet vedtok samrøystes framlegget frå rådmannen med tillegget om småkraftsenteret.

NAT-047/09 Vedtak:

Framlegg til landbruksplan dagsett 03.03.2009 vert vedteken slik han ligg føre med tillegg om at det vert teke inn opplysning om kompetansesenteret for småkraftverk på side 11.

Saknr. 048/09**RIDEBANE OG PARKERINGSPLASS GNR 19, BNR 8****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til bygging av ridebane og parkeringsplass i LNF område på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i Jordlova § 9 vert det gjeve omdisponering av areal til bygging av ribebane og parkeringsplass på Gnr.19, Bnr.8 i Nordvik.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for ridebane og parkeringsplass på Gnr.19 Bnr.8 i Nordvik.

Løyvet er gjeve med fylgjande krav:

Muren skal plsserast minimum 1 m frå den kommunale vegen.

Fundament for muren skal liggja lavare enn bunn grøft for den kommunale vegen.

Overflatevatn frå terrenget skal takast hand om i bakkant av bana og parkeringsplassen og førast til elva i syd.

Skjæring i bakkant må renskast og sikrast og utførast på ein estetisk måte.

I tillegg kjem ein med fylgjande oppfordring til tiltakshavar:

I og med at området ligg inn til eit godt bevart kulturlandskap, bør tiltakshavar vurderer å setja opp muren i anna materiale enn betong.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29 – 32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Saka vert utsett til første møte i 2010. Det vert då føreteke synfaring.

Utvalet vedtok samrøystes utsetjingsframlegget.

NAT-048/09 Vedtak:

Saka vert utsett til første møte i 2010. Det vert då føreteke synfaring.

Saknr. 049/09

DELINGSSAK GNR 34, BNR 7 FESTETOMT NR. 4

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 20-4 vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr. 4 frå gnr.34 bnr.7 i Eikedal.

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-049/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og § 20-4 vert det gjeve delingsløyve for festetomt nr. 4 frå gnr.34 bnr.7 i Eikedal.

Saknr. 050/09

DELINGSSAK OG REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 48, BNR 35

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve for naustetomt på gnr.48, bnr. 35

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-050/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve for naustetomt på gnr.48, bnr. 35

Saknr. 051/09

DELINGSSAK GNR 30, BNR 10.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for garasjetomt på ca 100 m² på Gnr.30 Bnr.10 i Samnanger Kommune.

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-051/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 og 93 vert det gjeve delingsløyve for garasjetomt på ca 100 m2 på Gnr.30 Bnr.10 i Samnanger Kommune.

Saknr. 052/09**DELINGSSAK GNR 32 BNR. 6****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i §63 og 20-4 i same lov vert det ikkje gjeve delingsløyve for fritidseigedom.

Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve delingsløyve.

Klagen vert ikkje teke til følgje.

25.11.2009 Naturutvalet

Handsaming i møtet:

Gunnar Bruvik sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i §63 og 20-4 i same lov vert det gjeve delingsløyve for fritidseigedom.

Med heimel i Jordlova §12 vert det gjeve delingsløyve.

Klagen vert teken til følgje.

Det vart røysta alternativt over framlegget frå rådmannen og framlegget frå Bruvik.

Framlegget frå rådmannen vart vedteke mot 1 røyst.

NAT-052/09 Vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova § 7 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen og med heimel i §63 og 20-4 i same lov vert det ikkje gjeve delingsløyve for fritidseigedom.

Med heimel i Jordlova §12 vert det ikkje gjeve delingsløyve.

Klagen vert ikkje teke til følgje.

Saknr. 053/09**BYGGING AV NAUST GNR 22/27****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av naust i LNF område på Gnr.22 Bnr. 27 på Lauvskar.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for to stk. naust på Gnr.22 Bnr.27 på Lauvskar.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad dagsett 06.11.09.

Pål Oldervoll får ansvarsrett for gjennomføring av prosjektet.

25.11.2009 Naturutvalet
Handsaming i møtet:
Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-053/09 Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging av naust i LNF område på Gnr.22 Bnr. 27 på Lauvskar.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for to stk. naust på Gnr.22 Bnr.27 på Lauvskar.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad dagsett 06.11.09.

Pål Oldervoll får ansvarsrett for gjennomføring av prosjektet.

Saknr. 054/09

BYGGJESAK BÅTGARASJE GNR 3, BNR 61.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja større naust enn 45 m2.

Med heimel i stadfesta kommuneplan for Samnanger Kommune vert det ikkje gjeve byggjeløyve for naust/båtgarasje på Gnr.3 Bnr.61 På Sagen.

Klaga vert ikkje imøtekomen.

25.11.2009 Naturutvalet
Handsaming i møtet:
Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

Klaga vert imøtekomen.

Det vert gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja større naust enn 45 m2.

Søknaden frå Magnar Bøgevik vert imøtekomen.

Med heimel i stadfesta kommuneplan for Samnanger Kommune vert det gjeve byggjeløyve for naust/båtgarasje på Gnr.3 Bnr.61 På Sagen..

Grunngjevinga for dispensasjonen er at det frå før er fleire store naust i det aktuelle området. I tillegg skal byggjet oppførast på ein særleg måte som inneber m.a.at det berre er golv på ein mindre del av naustet og at byggjet berre har ei etasje.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg og framlegget frå Olaug Karin Øystese. 4 røysta for framlegget frå rådmannen og 3 for framlegget frå Øystese.

NAT-054/09 Vedtak:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til å byggja større naust enn 45 m2.

Med heimel i stadfesta kommuneplan for Samnanger Kommune vert det ikkje gjeve byggjeløyve for naust/båtgarasje på Gnr.3 Bnr.61 På Sagen.

Klaga vert ikkje imøtekomen.

